



## Notat

Dato: 04.01.2018  
Arkivsak: 2017/18008-2  
Saksbehandlar: torrods

---

**Til:**

---

**Frå:** Tor Harald Rødseth

---

### Referat frå telefonsamtale 04.01.18 mellom Egil Sagstad og Tor Harald Rødseth

Egil Sagstad ved Reknes Byggjeverer LL (RB) har i epost av 04.01.18 godkjent følgjande referat:

Det har i dag funne stad telefonsamtale mellom Sagstad og Tor Harald Rødseth ved samferdselsavdelinga i høve sak 2017/18008-1 Lindås kommune - gnr 185 bnr 20 - klage på vedtak om avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrsløp til fv 57.

Referansene under er til side 2 i brev av 19.12.16 frå Reknes Byggjeverer LL (RB) til Statens vegvesen (SVV).

Det blei i samtalen avklåra at RB i avsnitt 2 siktar til at det er etablert busslomme og 3 bustader på staden, og at ulempene RB meiner ikkje er teke omsyn til er at saka gjeld 1 ekstra bustad, noko RB gjer gjeldande er ei lita endring.

Det blei vidare avklåra at avsnitt 9 i RB sitt brev viser til siste avsnitt på side 4 i SVV sitt brev av 09.02.17, og at RB gjer gjeldande at SVV i en aktuelle saka burde ha sett seg inn i detaljar i overordna planar, fordi SVV har grunngjeve sitt vedtak med manglande planar/plansituasjon.

RB blei i samtalen førespurd kva retningsliner dei meiner i avsnitt 10 og 16. Sagstad opplyste at RB vil ettersende svar på dette.

